



Saksframlegg

Klageadgang på vedtak i styret for næringsfondet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Formannskapet er etter reglement for politiske styringsorgan, styre for kommunens næringsfond:

2.1 Formannskapet

2.1.1 Verkeområde

Formannskapet utfører dei gjeremål lovgjevinga legg til det, og avgjer dei saker kommunestyret har delegert til formannskapet. Formannskapet utgreier og gjev innstilling i saker til kommunestyret etter lova og politisk styringsreglement.»

Formannskapet er styre for næringsfondet.

Formannskapet har i møte 5. mars bedt om ei sak knytt til spørsmålet det er mogeleg å klage på vedtak gjort av formannskapet som styre for næringsfondet.

Reglement for politiske styringsorgan seier følgjande om handsaming av klager:

2.5.2 Klageinstans

Formannskapet er kommunens klagenemnd. Formannskapet er såleis klagenemnd for einskildvedtak gjort av alle underliggjande administrative og politiske organ.

Kommunestyret kan avgjere at kommunestyret sjølv skal behandle ei klage sjølv om formannskapet er klagenemnd.

For einskildvedtak i formannskapet er kommunestyret klageinstans.

For einskildvedtak gjort av formannskapet med heimel i forvaltningslova § 28 er statsforvaltaren klageinstans.

For einskildvedtak i kommunestyret er statsforvaltaren klageinstansen.

Årsaka til at formannskapet ynskjer ei slik sak er spørsmålet om ugildheit i handsaming av klager på vedtak gjort i formannskapet som styre i næringsfondet, kor ein ikkje etterkommer

klaga, og kommunestyret da skal handsame klaga. Eit slikt eksempel gjer at alle medlem i formannskapet blir ugilde når kommunestyret skal handsame klaga. Det vil seie at fem av kommunestyrets medlemmer, deriblant ordførar og varaordførar, blir ugilde i klagehandsaminga.

Ein slik fylgjefeil er etter formannskapetets oppfatning ikkje hensiktsmessig, og skaper store utfordringar.

I denne saka vil kommunedirektøren sette lys på om vedtak i styret for næringsfondet er eit enkeltvedtak som gjev søkar rett til klage på vedtaket etter forvaltningslova, eller om vedtak i saker som handsamar søknadar om tilskot frå næringsfondet ikkje er å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling, og tilby dedikerte ressurser til næringslivet.

I denne vurderinga av spørsmålet som er reist vil kommunedirektøren søke å finne argumentasjon for om vedtak om tilskot etter reglane for bruk av næringsfondet er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova eller ikkje.

Kommunedirektøren meiner at det er svært lite hensiktsmessig at Fyresdal kommune har ei organisering av dette arbeidet som gjer at heile formannskapet blir ugilde i handsaming av ei klage på vedtak om bevilling frå næringsfondet. I nokre saker gjer kommunestyret direkte vedtak om bevilling eller avslag på støtte frå næringsfondet. Når dette gjerast er heile kommunestyret ugilde dersom det kjem ei klage, og Statsforvaltar må da handsame klaga.

Dette er ei juridisk svært vanskeleg sak. Kommunedirektøren har vore i kontakt med juridisk avdeling hos Statsforvaltaren for å få rettleiing på kva som blir rett. Statsforvaltaren har oversendt nokre juridiske vurderingar som er gjort av lovavdelinga i Regjeringa tilbake i 2006 og 2009 som gjev nokre svar. Det er likevel slik at det ikkje finnast eit korrekt svar med to strekar under.

Forvaltningslova er overordna andre lover når det gjeld sakshandsaming i byråkratiet og handsaming av politiske vedtak. Spørsmålet som stillast er om det er eit enkeltvedtak når tilskotet ikkje er heimla i lov og gjev ein rett til tilskot.

Det finnast mange statlege tilskot ein kan søke på. Kommunedirektøren har i samband med denne saka sett på to ulike tilskot som kan samanliknast med tilskot frå eit kommunalt næringsfond. Innovasjon Norge har fleire tilskot til ulike næringsføremål. Enova har også tilskotsordningar til ulike føremål for både private og næringsverksemd. Ingen av tilskotsordningane til Innovasjon Norge og Enova har klageadgang så langt kommunedirektøren har klart å finne ut av ved søk på deira nettsider. Nedanfor finnast utdrag frå nettsidene til disse to statlege verksemdene:

Innovasjon Norge

Det er ikke alminnelig klagerett på vedtak eller beslutninger fattet av Innovasjon Norge på søknader om tilskudd. Unntaket er vedtak på søknader om tilskudd til investeringer og bedriftsutvikling i landbruket.

Enova:

Enovas tildeling av midler fra Klima- og energifondet skal skje etter objektive og transparente kriterier. Tilsagn om tilskudd eller lån skal gis innenfor den til enhver tid

disponible ramme i Klima- og energifondet og særskilt tilsagnsfullmakt. Disponible midler og fullmakter beskrives i årlige oppdragsbrev til Enova.

Kriterier for hver tilskudds- eller låneordning skal publiseres. Enova skal ha rutiner for bruk av tredjepartsvurderinger ved tildelinger til større prosjekter.

Regelverk for Enovas forvaltning av tilskudd og lån fra Klima- og energifondet

All støtte som gis skal være innenfor rammene av gjeldende regelverk for statsstøtte i EØS-avtalen.

Enova er unntatt fra forvaltningslovens regler om enkeltvedtak og klage for vedtak fattet av Enova om tildeling av midler fra Klima- og energifondet, jf. Innst. O. nr. 41 (2002-2003) og Besl. O. nr. 54 (2002-2003). For øvrig skal Enova påse at forvaltningslovens bestemmelser følges.

Felles for både Innovasjon Norge og Enova er at tilskot fra disse ikke gjev klageadgang for søkeren. Dette er da heimla i egen lov eller forskrift ved godkjenning av regjeringa.

Kommunedirektøren vil derfor problematisere om kommunestyret kan fatte eit vedtak om at det ikke er klageadgang på vedtak om tilskot eller avslag på søknader om tilskot frå næringsfondet. Nedanfor vil kommunedirektøren ta en gjennomgang av kva som taler for at kommunestyret kan gjere dette, og kva som taler imot dette:

Argumenter for:

- Samanliknbare statlege tilskot har ikke klageadgang.
- Kommunalt tilskot til næringsutvikling i kommunen er ikke ei lovpålagt oppgave.
- Vedtaket baserast på skjønn utifrå ei grunngjeving i søknaden vurderer opp mot reglar vedteken av kommunestyret (nye reglar for næringsfondet vil bli lagt fram for kommunestyret innan juni 2025)
- Tildelinga skjer innanfor eit vedtatt budsjett frå kommunestyret, og dersom fondet er tomt må ein vente til neste bevilling frå kommunestyret.
- Kommunestyret legg til grunn at dei som øvste organ i kommunen har mynde til å bestemme at det ikke gis klageadgang på vedtak om bevilling eller avslag på tilskot frå næringsfondet.
- Dersom kommunestyret eit år ikke finn rom til å budsjettere med pengar til næringsfondet er det ikke mogeleg å søke dette året.

Argumenter mot:

- Det er stor sjans for at ein i ein rettsleg eller juridisk vurdering av dette vil kome til at vedtak om tilskot frå næringsfondet er eit vedtak etter forvaltningslovas reglar om enkeltvedtak.
- Det er usikkert om kommunestyret har mynde til å bestemme at det ikke gis klageadgang på vedtak om bevilling eller avslag på tilskot frå næringsfondet.

Kommunestyret kan legge argumentene for eller mot til grunn for kva dei fell ned på.

Alternativ 1.:

Kommunestyret legg til grunn at dei at kan bestemme at reglane for klageadgang ikke blir lagt til grunn for vedtak om tilskot eller avslag på tilskot frå næringsfondet. På denne måten vil ein løyse problemstillingane som gjer at formannskapetets medlemmer blir ugilde i handsaminga av ei klage. Statsforvalter, som ikke har kjennskap til næringsaker i Fyresdal, vil heller aldri måtte handsame ei klagesak på dette området.

Ei utfordring ved denne løysinga er at kommunedirektøren er svært usikker på det juridiske i dette, og kommunestyret vil kunne måtte endre på sitt vedtak og moglegvis bli

erstatningspliktige dersom ordninga blir vurdert av rettsapparatet eller høgare forvaltningsorgan. Kommunedirektøren vurderer dette som lite truleg at skjer, men det kan skje.

Alternativ 2:

Kommunestyret legg til grunn at dei ikkje kan bestemme at reglane for klageadgang ikkje blir lagt til grunn for vedtak om tilskot eller avslag på tilskot frå næringsfondet. Konsekvensen av dette er at klager må handsamast i kommunestyret og formannskapets medlemmer er ugilde i handsaminga.

Ei alternativ løysing er da å endre på reglementet for politiske styringsorgan slik at formannskapet ikkje er styre for næringsfondet. Det må da opprettast eit nytt utval som ikkje sitt i formannskapet som handsamar næringsfondssaker. Da kan formannskapet vere klageorgan. Andre løysingar er også mogeleg, men det må da lagast ei eiga sak som utgreier dette.

Alternativ 3:

Kommunestyret legg til grunn ei løysing som er ein kombinasjon av dei to fyste alternativa. Det betyr ei løysing kor sjølv sakshandsaminga er eit enkeltvedtak, men utmålinga av tilskotet frå næringsfondet ikkje er eit enkeltvedtak. Grunngevinga for eit slikt alternativ er at alt tyder på at når ein ansvarleg søkar sender ein søknad til kommunen vil saka etter alt det kommunedirektøren har funne av dokumentasjon for slike saker seie at reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak må fylgjast når det gjeld korleis kommunen handsamar sjølv søknaden.

Når det gjeld utmåling av kva for tilskot søkaren skal få meiner kommunedirektøren at dette er ei skjønnsutøving ut ifrå kva for argumentasjon som ligg til grunn og korleis ein vurder denne. Tildeling eller avslag vil også kunne skje på grunn av manglande økonomiske rammer i budsjettet. Søkaren har ingen rett på tilskot, men skal vurderast opp mot dei retningslinene kommunen har for tilskotet. Tilskotets føremål er å stimulere til næringsutvikling i kommunen og det er ingen heimel i eit lovverk som gjev søkar rett til slik støtte.

Søkaren vil i dette alternativet kunne klage på sjølv sakshandsaminga etter forvaltningslovas reglar om enkeltvedtak, men ikkje klage på utmålinga av tilskotet eller eit eventuelt avslag.

Konklusjon:

Det er ei demokratisk utfordring at heile formannskapet, som består av sentrale politikare i kommunen, blir ugilde når det kjem ei klagesak på tildeling eller avslag på tilskot frå næringsfondet. Det juridiske rundt klageadgang på slike saker er uklart. Staten har sjølv gitt tilskotsordningar til næringslivet unntak frå forvaltningslova når det gjeld klageadgang. Kommunedirektøren vil derfor anbefale alternativ 3, og meiner derfor at kommunestyret kan gjere det same når det gjeld utmåling eller avslag på eit tilskot som ikkje er eit lovpålagt tilskot til næringslivet og som har eigne reglar og eigen bevilling over kommunebudsjettet.

Kommunedirektøren fell ned på at dette er den beste løysinga, sjølv om det kan føre til at nokon vil stille spørsmål ved den juridiske vurderinga. Kommunedirektøren meiner at dersom dette skjer så må kommunedirektøren raskt legge fram ei sak til kommunestyret som utgreier kva ein da gjer. Det er likevel slik at kommunestyret må vere klar over at dei gjer eit vedtak på sviktande juridisk grunnlag.

Alternativet er å endre reglementet for politiske styringsorgan og opprette eit nytt politisk utval med politikarar som ikkje sit i formannskapet. Denne løysinga vil føre til at det er mindre sentrale politikarar i kommunen som styrer næringsutviklinga. Dette kan vere ei utfordring, men nødvendigvis ikkje.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Sakshandsaming av saker om tilskot til næringslivet frå næringsfondet følgjer reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak.

Utmåling av størrelsen på tilskotet frå næringsfondet, eller avslag på tilskot frå næringsfondet, kan ikkje klagast på.

Nye reglar om klageadgang leggjast inn i nåverande reglar.

Kommunedirektøren legg fram nye reglar for tilskot frå næringsfondet til handsaming i kommunestyret i løpet av 2025.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør